

Protokoll frå årsmøtet i Noregs Ungdomslag i Trondheim onsdag 5. og torsdag 6. juli 2006.

Det var registrert 83 utsendingar til årsmøtet med røysterett då møtet tok til onsdag, inkludert styret og rådsleiarar, og 85 på torsdag. På møtet var det 4 frå administrasjonen, 1 frå valnemnda i tillegg til 6 gjester. Møtet fann stad i Trondheim Spektrum.

Årsmøtet vart opna med felespel frå Einar Olav og Gjermund Larsen.

Årsmøtet fekk fylgjande helsingar på møtet:

Ottar Grepstad, Nynorsk Kultursentrum.

Vidar Lund, Norsk Barneblad.

Vegard Opheim, Rådet for folkemusikk og folkedans.

Sigbjørn Hjelmbrække, Noregs Mållag.

Kjærsti Gangsø, Folkekulturforbundet.

Hallvard Julseth, Norske Lagsbruk.

På årsmøtet fekk fylgjande personar kome med ein presentasjon:

Johan Einar Bjerkem presenterte Hilmar Alexandersen-festivalen.

Torunn Hernes Bjerkem presenterte Nordleik, nordisk folkedans- og folkemusikkstemne.

Åge Avedal presenterte arbeidet med ny verktøykasse og verktøyskrinet for organisasjonsopplæring i NU.

Torill Nordgård Eriksen presenterte den nye songdansboka ”No er katten døde”, eit prosjekt i Troms Ungdomsfylking.

Årsmøtedrøftingane dag 1.

Sak 1 Opning og konstituering

Årsmøtet godkjende:

- Innkallinga til årsmøtet 2006.
- Framlegg til sakliste, med endringar.

Sak 5 går ut, men inngår i sak 4. Sakene i sak 4 vart kalla a, b, og c.

- Framlegg til forretningsorden med endringar.

Styret kom med fylgjande framlegg under handsaminga av forretningsorden:

Det vert berre valt to ordstyrarar. Frist for å levere endringsframlegg til langtids- og arbeidsprogram vert sett til onsdag innan kl. 22.00. Fråsegner må meldast under debatten onsdag. Endeleg frist for å levere utkast til fråsegner vert sett til onsdag innan kl. 22.00.

Årsmøtet valde:

- Til ordstyrarar: Eli Ulvestad og Kristian Fjellanger.

- Til møteskrivarar: Ida Marie Holmin (administrasjonen), Silje Hjelle Strand (administrasjonen), Håvard Tangen (Bondeungdomslaget i Oslo) og Oddvar Skre (Hordaland Ungdomslag).

Desse tok ordet: Håvard Tangen.

- Til teljekorps: Torbjørg Eigestad Støyva (Odda Ungdomslag) og May Kristin Sande (Vågane Ungdomslag) og Atle Moen (Aust-Agder Ungdomslag).
- Til redaksjonsnemnder:

Redaksjonsnemnd for arbeids- og langtidsprogram:

Edgar Wassvik (Troms Ungdomsfylking), Ann Kristin Flemmen (Romsdal Ungdomslag), Borghild M. Opdahl (Bergen Ungdomslag Ervingen) og Kent Are Enjom (Gudbrandsdal Ungdomslag).

Redaksjonsnemnd for fråsegner:

Sigbjørn Hjelmbrekke (Bondeungdomslaget i Oslo), Torunn Hernes Bjerkem (Inntrøndelag Ungdomssamlag), Evelyn Laupstad (Bondeungdomslaget i Harstad) og Sverre Sundvor (Bergen Ungdomslag Ervingen).

- Til protokollunderskrivarar: Vegard Opheim (Bergen Ungdomslag Ervingen) og Arve Jarle Hornnes (Sogn og Fjordane Ungdomslag).

Årsmøtet godkjende:

- Innstillinga frå fullmaktsnemnda.

Leiartale ved Gunnhild Berge Stang.

Informasjon om prosjektet ”Åpen og inkluderende” ved Kristian Fjellanger, Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar.

Informasjon om danseprosjekt i Bergen Ungdomslag Ervingen og Noregs Ungdomslag si deltaking som pilotorganisasjon i Åpen og inkluderende ved Sverre Sundvor, Bergen Ungdomslag Ervingen.

Sak 2 Årsmelding 2005

Innleiing ved:

Vidar Lund (styret)

Tina Vilenica (styret og teaterrådet)

Ellen Runderheim (styret og bunadrådet)

Åge Avedal (styret og barne- og ungdområdet)

Gunnhild Berge Stang (styret)

Desse tok ordet i debatten: Håvard Tangen, Olav Mogstad (Bondeungdomslaget i Nidaros), Edgar Wassvik og Vidar Lund.

Vedtak: Styret sitt framlegg til årsmelding for 2005 vart samrøystes godkjent.

Sak 3 Rekneskap 2005

Innleiing ved Vidar Lund.

Desse tok ordet i debatten:

Håvard Tangen, Anne-Mari S. Meier (Bondeungdomslaget i Sarpsborg) og Marit Jacobsen (generalsekretær).

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2005 som viser eit underskott på kr. 2.429,-. Årsmøtet tek revisjonsmeldinga frå Varden revisjonskontor til vitande.

Årsmøtedrøftingane dag 2.

Sak 4 Saker lagt fram av styret

Sak 4.a. Ny føremålsparagraf - endring av § 1 i lovene.

Ordstyrarane kom med fylgjande framlegg om framgangsmåte for røysting i sak 4 a. Ny føremålsparagraf: Fyrst røystar vi over alle framlegga til føremålsparagraf for at alle skal kunne få røyte på sitt primære framlegg. Så røystar vi over dei to framlegga som fekk flest røyter. Det framlegget som får flest røyter av desse to blir sett opp mot gjeldande føremålsparagraf og det krevst 2/3 fleirtal for at paragrafen kan bli endra. Framlegg til endringar kan ikkje trekkjast. Det er ikkje høve til å kome med nye endringsframlegg.

Årsmøtet godkjende framlegget om framgangsmåte for røysting.

Presentasjon av styret sitt framlegg ved Åge Avedal.

Desse tok ordet i debatten: Sigbjørn Hjelmbrekke, Torunn Hernes Bjerkem, Roy Sævik (Bondeungdomslaget i Oslo), Håvard Tangen og Haldor Telle (Sotra Folkedanslag).

Det var 85 utsendingar med røyterrett i salen då røystinga starta.

I sakspapira låg det føre 11 framlegg til endring av føremålsparagrafen. Det vart røyta skriftleg over alle framlegga til føremålsparagraf. Dei framlegga det vart røyta over, var sett fram av fylgjande:

Styret.

Styret sitt mindretal.

Gudbrandsdal UL/UL Henrik Wergelands Minne.

Vest-Agder Ungdomslag.

Sykkylven frilynte ungdomslag.

Nordmøre Ungdomslag.

Bondeungdomslaget i Stavanger.

Framsteg Ungdomslag.

Fylkeslaget Varden/Vestadringen.

Sølja Folkedanslag.
Førde Ungdomslag.

Resultat av røystinga:

1 blank røyst.
1 røyst for framlegget frå Sølja Folkedanslag.
3 røyster for framlegget frå Førde Ungdomslag.
3 røyster for framlegget frå mindretalet i styret.
4 røyster for framlegget frå Gudbrandsdal Ungdomslag/UL Henrik Wergelands Minne.
4 røyster for framlegget frå Bondeungdomslaget i Stavanger.
16 røyster for framlegget frå Framsteg Ungdomslag.
53 røyster for framlegget frå styret.

Framlegget frå Framsteg Ungdomslag og framlegget frå styret vart sette opp imot kvarandre.

Resultatet av røystinga:

10 røyster for framlegget frå Framsteg Ungdomslag
Fleirtal for framlegget frå styret.
Det var ingen blanke røyster.

Framlegget frå styret vart sett opp mot gjeldande paragraf 1 Føremål. Noregs Ungdomslag vil arbeide for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samarbeid mellom ungdommen.

Resultat av røystinga:

74 røyster for framlegget frå styret. 14 røyster mot.

Vedtak:

Ny føremålsparagrafen for Noregs Ungdomslag (§ 1 Føremål i lova) vert slik:
Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Sak 4.b. Framlegg til nye lover for Noregs Ungdomslag (frå § 2)

Innleiing ved Gunnhild Berge Stang.

Innlegg i spørsmålsrunden: Oddvar Skre, Vidar Lund og Gunnhild Berge Stang.

Debatt.

Lovsaka var framlagd som resultat av ein større lovrevisjon. Innstillinga frå ei eiga revisjonsnemnd var send på høyring. Styret hadde handsama innstillinga frå nemnda og høyringssvar og endringsframlegg frå fylkes- og lokallag.

Det vart røysta over kvar einskild paragraf slik at endringsframlegg frå lokallag, fylkeslag og styret, der dette låg føre, vart sett opp mot gjeldande lov. Fyrst vart det røysta over dei paragrafane der det låg fleire framlegg eller framlegga var kome frå andre enn styret.

1. Om tidsfrist for innsending av lovendringsframlegg.

Ny § 16 (stod tidlegare omtalt i §7 Framlegg til årsmøte).

Det låg føre framlegg frå Hallingdal Ungdomslag, støtta av styret, om å setje fristen for innsending av framlegg til lovendingar til 3 månader før årsmøtet.

Vedtak: Det vart samrøstes vedteke at ny §16 Lovending startar med fylgjande setning: Lovendingar må sendast skriftleg til styret seinast 3 månader før møtet.

2. Om målbruk

Gjeldande §12, ny §10.

Gjeldande lov § 12 Målbruk

1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å verne om nynorsk og dialektar i samsvar med føremålsparagrafen og prinsippprogrammet.
2. Tenestemålet i Noregs Ungdomslag sentralt er nynorsk.

Desse tok ordet til dagsorden:

Hallvard Ellingsberg (styret) og Atle Michael Hove (Lakselv UL).

Desse tok ordet i debatten:

Olav Mogstad, Torunn Myhra (Tunsberg leikarring), Håvard Tangen, Hallvard Ellingsberg, Roy Sævik, Kent Are Enjom, Oddvar Skre, Magnus Nordbø (Rogaland Ungdomslag), Vidar Lund, Sigbjørn Hjelmbrække, Atle Michael Hove og Gunnhild Berge Stang.

Det låg føre endringsframlegg frå Gudbrandsdal UL, støtta av UL Henrik Wergelands Minne:
Del 1. *Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag blir oppfordra til å verne om nynorsk og dialekter.* (Resten blir stroke)

Del 2. Punktet blir stroke frå lova.

Det låg føre framlegg frå styret om å endre ordet *pliktar* til *blir oppfordra til*, men å halde på resten av setninga i paragrafen del 1. Vidare hadde eit mindretal i styret støtta framlegget om å stryke del 2 i paragrafen.

Røysting:

Framlegget frå Gudbrandsdal Ungdomslag vart sett opp mot framlegget frå styret.

Vedtak: Framlegget frå styret fekk eit stort fleirtal mot 10 røyster for framlegget frå Gudbrandsdal Ungdomslag.

Framlegget frå styret vart sett opp mot gjeldande lov.

Vedtak: Framlegget frå styret fekk 44 røyster for og 35 mot. Det var ei blank røyst. Framlegget frå styret fall.

Det vart stemt over framlegget frå Gudbrandsdal Ungdomslag om å stryke del 2 i paragrafen.

Vedtak: Framlegget frå Gudbrandsdal Ungdomslag fall mot 7 røyster.

3. Om innmelding i andre organisasjonar.

Gjeldande § 11, ny § 9.

Desse tok ordet i debatten: Torunn Hernes Bjerkem (Inntrøndelag Ungdomssamlag), Vidar Lund og Sigbjørn Hjelmbrække.

Gjeldande lov § 11 Innmelding i andre organisasjonar
Fylkeslag og lokallag i Noregs Ungdomslag kan ikkje samstundes vere innmelde i andre organisasjonar eller samarbeidsorgan utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag.
Avgjerda kan ankast inn for årsmøtet i Noregs Ungdomslag.

Styret hadde fylgjande framlegg til ny tekst:

§ 9 Innmelding i andre organisasjonar

Fylkeslag og lokallag i Noregs Ungdomslag kan ikkje melde seg inn i andre organisasjonar eller samarbeidsorgan som strir mot føremålet til Noregs Ungdomslag. Laget må melde frå om dette til styret i Noregs Ungdomslag.

Vidar Lund gjorde merksam på at ordet *dette* i siste setning var ein skrivefeil og at det skal stå *innmeldingar*.

Vedtak: Ny paragraf 9 vart vedteke mot 3 røyster.

4. Om trygging av eiga.

Gjeldande § 15, ny § 13.

Desse tok ordet i debatten: Evelyn Laupstad, Vidar Lund og Torunn Hernes Bjerkem.

Det låg føre framlegg frå Framsteg Ungdomslag om å oppretthalde §15.1. Trygging av eiga. Vidare hadde Framsteg Ungdomslag framlegg om ei tilføyning under 13.3 (nytt paragrafnummer): *Om eit fylkeslag ikkje ser seg i stand til å utføre plikta si etter dette punktet, kan styret i NU på oppmoding ta over forvaltaransvaret i høve til eiga.*

Styret hadde fylgjande innstilling:

Styret støtta framlegget om å halde opp §15.1./ny §13.1, men med ei slik formulering:

1. Ungdomshus, anna fast lagseige og luter i fast eigedom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag. (Siste setninga struken)

2. Det skal ikkje gjerast bruksendringar og ombygging av ungdomshus og anna fast lagseige som fører til at den kulturhistoriske verdien blir øydelagd. Det offentlege regelverket innafor kulturvern skal følgjast.

Styret stør nemnda sitt framlegg om endring av punkt 4, første setning slik: *Blir eit lokallag lagt ned, skal Noregs Ungdomslag ta vare på eiga til laget i minst 7 år.*

Framlegget frå Framsteg Ungdomslag vart sett opp mot framlegget frå styret.

Vedtak: Det vart 2 røyster for framlegget frå Framsteg Ungdomslag og fleirtal for framlegget frå styret.

Framlegget frå styret vart sett opp mot gjeldande lov.

Vedtak: Framlegget frå styret vart samrøystes vedteke.

Det vart stemt over heile ny paragraf 13 Trygging av eiga.

Vedtak: Ny paragraf 13 Trygging av eiga vart samrøystes vedteken.

5. Innkrevjing av medlemskontingent

Gamal § 3, ny § 2

Inntrøndelag Ungdomssamlag hadde gjort framlegg om eit nytt punkt under § 3. i gjeldande lov Medlemskap:

§ 3.2 Medlemskontingent. *Ein prosentsats (eksempelvis 10 %) av kontingent kravd inn av Noregs Ungdomslag sentralt, skal gå til fylkeslaga for deira arbeid for lokallaga.*

Styret hadde innstilt på at saka vart utgreidd i neste periode.

Vedtak: Saka skal utgreiast i neste periode, og skal leggjast fram for årsmøte i 2007.

6. Andre paragrafar

Desse tok ordet: Håvard Tangen og Åge Avedal.

Vedtak:

Det vart røysta over resten av styret sitt framlegg til endringar og alle vart vedteke.

Etter vedtaka i sak 4.a. og b. har Noregs Ungdomslag fylgjande lov:

§ 1 Føremål

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

§ 2 Medlemsskap

1. Ein medlem melder seg inn gjennom eit lokallag og blir registrert som medlem når årspengar er betalt
2. Medlemmen kan melde seg direkte inn i Noregs Ungdomslag om det ikkje er lokallag på staden der han/ho bur som det er naturleg å melde seg inn i.
3. Medlemmene betaler til lokallaget dei årspengane som lokallaget har fastsett.
4. Lokallaga betaler til Noregs Ungdomslag ein lagskontingent etter satsar fastsett av årsmøtet.
5. Ein medlem har demokratiske rettar i organisasjonen frå ein har fylt 14 år.
6. Dersom ein medlem medvite motarbeider føremålet til organisasjonen, eller ikkje vil rette seg etter lover og føreseger, kan lokallaget ekskludere vedkomande som medlem. Slike avgjerder kan ankast til årsmøte i lokallag, fylkeslag og landslag.

§ 3 Lokal- og fylkeslag

1. Lag med minst 5 medlemmer over 14 år kan bli godkjent som lokallag i Noregs Ungdomslag. Lokallaget melder seg inn gjennom eit fylkeslag. Styret i Noregs Ungdomslag kan ta opp lag direkte der det ikkje er fylkeslag.
2. Styret i Noregs Ungdomslag skal godkjenne lovene til fylkeslag og beinveges innmelde lag. Styra i fylkeslaga skal godkjenne lovene til lokallaga. Lovene skal vere i samsvar med lova til Noregs Ungdomslag.

§ 4 Årsmøte

1. Innkalling

Styret i Noregs Ungdomslag kallar inn til årsmøte kvart år. Førebels sakliste skal sendast ut 3 månader før årsmøtet. Omfram årsmøte vert halde når årsmøtet eller styret vedtek det, eller når 1/3 av fylkeslaga krev det. Endeleg sakliste og sakspapir skal sendast ut 1 måned før årsmøtet.

2. Saker

- a. Årsmøtet skal kvart år handsame årsmelding og rekneskap med revisjonsrapport for føregåande år og velje styre, fagråd og valnemnd. Årsmøtet skal kvart andre år vedta storleiken på lagskontingenten og vedta arbeidsprogram og budsjett det påfølgjande året. Desse vedtaka gjeld for ein periode på 2 år.
- b. Gjennom lokallag og fylkeslag kan medlemmene kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast 8 veker før årsmøtet. Framlegg til lovendingar må sendast skriftleg til styret seinast 3 månader før årsmøtet.
- c. Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker det vil ta med på den endelege saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ikkje fører opp på saklista, kan etter særskilt vedtak på årsmøtet likevel takast opp.

3. Utsendingar

- a. Fylkeslag som har sendt årsmelding for føregåande år, har utsendingsrett til årsmøtet. Lokallag som har sendt årsmelding for føregåande år, har betalt lagskontingent for føregåande og inneverande år, og sendt inn liste over betalende medlemmer har utsendingsrett til årsmøtet.
- b. Utsendingane frå fylkeslag skal veljast på årsmøtet i fylkeslaget. Årsmøtet kan gje styret fullmakt til å velje utsendingar. Fylkeslag med opp til 1000 medlemmer har rett til 3 utsendingar og vidare 1 meir for kvart påbyrja nytt 1000.
- c. Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøtet eller eit lagsmøte. Lokallag med opp til 100 medlemmer har rett til 2 utsendingar og vidare 1 meir for kvar påbyrja 100. Kvar utsending har ei røyst på årsmøtet.
- d. Sentralt tilsette i organisasjonen kan ikkje veljast til utsendingar.
- e. Når tvingande grunnar har gjort det naudsynt å avvike frå valreglane, kan årsmøtet godkjenne utsendingar valde på andre måtar.
- f. Utsendingane har røysterett når dei er registret som betalende medlemmer i Noregs Ungdomslag
- g. Første vara til arbeidsutvalet og administrativ leiar har talerett på årsmøtet.
- h. Dei tilsette sin representant har talerett i saker som vedkjem deira arbeidstilhøve.

§ 5 Styret

1. Styret har ansvaret for at arbeidet i organisasjonen blir drive i samsvar med lov, styringsføresegner, arbeidsprogram og andre vedtak gjort av årsmøtet.
2. Styret bind organisasjonen i økonomiske saker, ved underskriftene til styreleiar og administrativ leiar.
3. Styret har 7 medlemmer, og er samansett av leiar, 2 særskild valde styremedlemmar og leiarane i folkedansrådet, bunadrådet, barne- og ungdomsrådet og teaterrådet. 3 personar er særskild valt som varamedlemmar for dei styremedlemmene som er særskild valte. Råda vel sjølv personlege vararepresentantar for rådsleiarane.
4. Leiar blir valt for eitt år. Dei seks styremedlemmene blir valde for to år, slik at halvparten står på val kvart år. Varamedlemmene veljast for eitt år

5. Leiar og dei to direktevalte styremedlemmene utgjer styret sitt arbeidsutval. Som vara til arbeidsutvalet møter dei særskild valde vararepresentantane til styret. Arbeidsutvalet fungerer mellom styremøta etter mandat frå styret.

6. Dei tilsette i Noregs Ungdomslag sentralt skal ha ein representant i styremøta under handsaming av personalsaker

§ 6 Fagråda

1. Fagråda er rådgjevande organ for styret innanfor sine fagområde. Råda har ansvar for gjennomføring av arbeidsprogram og budsjett innafør dei rammene styret gjev det.

2. Fagråda er samansett av rådsleiar og 2 medlemmer med 2 varamedlemmer. Medlemmene blir valde for 2 år, slik at eit halvparten er på val kvart år. Varamedlemmene blir valt for 1 år.

§ 7 Valnemnda

1. Valnemnda skal innstille til årsmøtet på val av styre og fagråd.

2. Valnemnda er samansett av 5 medlemmer med 3 varamedlemmer. Leiaren vert valt for 1 år, dei andre for 2 år, slik at 2 står på val kvar år. Varamedlemmene vert valde for 1 år.

§ 8 Landsrådet

1. Landsrådet er eit rådgjevande organ for styret. Landsrådet handsamar og gir tilrådingar til styret i saker som styret legg fram for det. Landsrådet tilrår på val av valnemnd til årsmøtet. Landsrådet kan også ta opp eigne saker.

2. Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga. Styremedlemmene i Noregs Ungdomslag har møte- og talerett i Landsrådet.

3. Landsrådet skal ha møte minst 1 gong i året.

§ 9 Innmelding i andre organisasjonar

Fylkeslag og lokallag i Noregs Ungdomslag kan ikkje melde seg inn i andre organisasjonar eller samarbeidsorgan som strir mot føremålet til Noregs Ungdomslag. Laget må melde frå om innmeldingar til styret i Noregs Ungdomslag.

§ 10 Målbruk

1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å verne om nynorsk og dialektar i samsvar med føremålsparagrafen og prinsippprogrammet.

2. Tenestemålet i Noregs Ungdomslag sentralt er nynorsk.

§ 11 Rusgifter

Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv, rusfri samværskultur. Alle tilskipingar på sentralt plan skal vere rusfrie.

§ 12 Utmeldingar, skifte av føremål og nedleggingar

1. Fylkeslag og lokallag som ynskjer å melde seg ut av Noregs Ungdomslag må vedta dette på 2 vanlege påfølgjande årsmøte med minst eitt års mellomrom med minst 2/3 fleirtal. Dersom eit mindretal på minst 5 medlemmer over 14 år vil halde fram med det gamle lagsnamnet og etter det gamle føremålet, tek dette mindretalet over namnet og eiga til laget. Det kan gjerast unntak for eige laget hadde ved innmelding. Slike unntak må gå fram av lover godkjent av Noregs Ungdomslag.

2. Alle lokallag har plikt til å halde årsmøte i samsvar med si eiga lov. Dersom det har gått 1 år ut over den fastsette årsmøteperioden, skal fylkeslaget sørge for at det blir innkalla til årsmøte i laget. På same måten skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at det blir kalla inn til årsmøte i direkte innmelde lag og fylkeslag når det ikkje er halde årsmøte i samsvar med lovene.

3. Fylkeslag og lokallag som 2 år etter kvarandre ikkje har sendt årsmelding skal bli kontakta av Noregs Ungdomslag sentralt, der nedlegging eller naudsynte tiltak for reaktivisering blir vurdert.

4. Fylkeslag og lokallag som 3 år etter kvarandre ikkje har sendt årsmelding skal reknast som nedlagde. Lokallag som ikkje fyller krava til lagsdefinisjonen i § 3.1 i 3 år etter kvarandre skal like eins reknast som nedlagde.

5. Fylkeslag og lokallag som bryt lova til Noregs Ungdomslag og som ikkje vil rette seg etter lovleg påbod frå styret og årsmøtet, skal seiast å ha skifta føremål og kan ikkje lenger stå i Noregs Ungdomslag.

6. Saker i samband med denne paragrafen, kan ankast av det laget saka gjeld til årsmøtet i Noregs Ungdomslag. Årsmøtet tek då endeleg avgjerd.

§ 13 Trygging av eiga

1. Ungdomshus, anna fast lagseige og luter i fast eigedom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag.
2. Det skal ikkje gjerast bruksendringar og ombygging av ungdomshus og anna fast lagseige som fører til at den kulturhistoriske verdien blir øydelagt. Det offentlege regelverket innafor kulturvern skal følgjast.
3. Resten av denne paragrafen kjem ikkje til bruk når lokallag melder seg ut av Noregs Ungdomslag på lovleg måte etter § 12.
4. Bli eit lokallag lagt ned skal Noregs Ungdomslag ta vare på eiga til laget i minst 7 år. Om laget er eigar av fast eigedom skal fylkeslaget samarbeide aktivt med lokale kulturstyresmakter for at eigedommen skal bli nytta til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Dersom andre i ein periode overtek drifta av ein eigedom, skal det takast verditakst på eigedommen ved overtakinga.
5. Dersom det, innan 7 år etter det siste årsmøtet i laget som vart lagt ned, vert skipa eit nytt lag på staden som fyller krava til medlemskap i Noregs Ungdomslag, skal eiga overførast til det nye laget. Det nye laget må dekkje eventuell verdiauke på grunn av påkostnader og utbygging i den perioden andre har drive eigedommen etter takst.
6. Utgiftene til styring av eiga til lokallag eller fylkeslag skal dekkjast av eiga. Fylkeslag eller landslag er såleis ikkje økonomisk ansvarleg for styringa. Dersom ungdomshus og anna fast lagseige fører med seg utgifter som ikkje kan eller bør dekkjast av eiga, kan styret i Noregs Ungdomslag godkjenne avhending av slik eige, sjølv om ivaretakingstida på 7 år ikkje er ute.

§ 14 Lagsbruksavgift

Dei fylkeslaga og lokallaga i Noregs Ungdomslag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen betalar kvart år eit tilskot, lagsbruksavgift, til organisasjonen. Avgifta er 1 promille av omsetnaden. Styret i Noregs Ungdomslag kan setje ned lagsbruksavgifta når det verkar urettvist å krevje ho inn.

§ 15 Om prinsippprogram styringsføresegner og for Noregs Ungdomslag

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag skal vedta prinsippprogram og styringsføresegner med utfyllande reglar til lova.

§ 16 Lovendring

Lovendringsframlegg må vere sendt styret seinast 3 månader før årsmøtet. Sjølve lovframlegget må kunngjerast minst ein månad før årsmøtet. Ei lovendring krev 2/3 fleirtal.

§ 17 Oppløysing

Ved ei eventuell oppløysing av organisasjonen må midla nyttast i samsvar med § 1 i lova

Sak 4.c. Framlegg til nye styringsføresegner

Innleiing ved Gunnhild Berge Stang

Desse tok ordet i debatten:

Håvard Tangen, Vidar Lund, Torunn Hernes Bjerkem og Atle Michael Hove.

Det vart røysta over kvar einskild paragraf i styringsføresegnene. Fyrst vart det røysta over dei paragrafane der det låg føre fleire framlegg eller framlegga var komne frå andre enn styret.

1. Om eksklusjon

Det låg føre framlegg frå styret om å ta § 2 Eksklusjon ut av gjeldande styringsføresegner.

Håvard Tangen kom med framlegg om å halde oppe paragrafen.

Vedtak:

Framlegg frå Håvard Tangen om å halde oppe § 2 Eksklusjon i styringsføresegnene fall mot 11 røyster. § 2 Eksklusjon vert teken ut av styringsføresegnene.

2. Om fagråda

Styret hadde fylgjande framlegg til vedtak:

Årsmøtet stør styret sitt framlegg om å sikre fokus på barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen ved å ha ein eigen paragraf om dette i styringsføresegnene. Dei andre råda er omtalt i lova.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

3. Andre paragrafar

Innlegg: Torunn Hernes Bjerkem.

Vedtak:

Det vart røysta over resten av framlegga frå styret til endringar og alle vart vedtekne.

Etter vedtaka i sak 4.c. har Noregs Ungdomslag fylgjande styringsvedtekter:

§ 1 Barne- og ungdomsarbeidet i Noregs Ungdomslag

Barne- og ungdomsrådet si hovudoppgåve skal vere å fremje barn og unge si rolle i Noregs Ungdomslag. Rådet skal og vere eit koordinerande organ mellom fagfelte i Noregs Ungdomslag, med særskilt vekt på å leggje tilrette for aktivitetar for barn og unge.

Minst 2 av representantane i barne- og ungdomsrådet skal vere under 25 år ved valet. Årsmøtet i Noregs Ungdomslag vedtek arbeidsprogram og budsjett for barne- og ungdomsarbeidet.

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag godkjenner rekneskap og årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet.

§ 2 Tilsette i Noregs Ungdomslag

Styret i Noregs Ungdomslag tilset tenestefolk og fastset løner og andre vilkår.

Styret fastset instruks for administrativ leiar av kontoret.

Administrativ leiar skal tilsetjast på åremål for 4 år om gongen. Stillinga skal lysast ut med ein søknadsfrist seinast 3 månader før utgangen av kvar 4-årsbolk. Styret kan ikkje tilsetje nokon administrativ leiar i meir enn 3 fireårsbolkar

Dei tilsette i Noregs Ungdomslag sentralt vel sjølve ein representant, som skal vere til stades på styremøta under handsaming av personalsaker og ved saker som særleg omfattar dei tilsette sine arbeidstilhøve.

§ 3 Valnemnda

Valnemnda kjem med framlegg til val på medlemmer og varamedlemmer til styret og dei faste råda i Noregs Ungdomslag. Tilrådinga skal leggjast fram seinast når årsmøtet opnar.

Valnemnda har ansvaret for at det i tilrådinga blir tilnærma like mange jenter og gutar i styre og råd.

Medlemmene i valnemnda har talerett på årsmøtet når det handsamar val.

Valnemnda kan ikkje innstille personar som ikkje er medlemmer i Noregs Ungdomslag til ombod i organisasjonen

§ 4 Lagsbruksavgifta

Har lag i Noregs Ungdomslag lagsbruk i sameige med andre, skal utrekningsgrunnlaget for tilskot minkast slik at det svarar til den parten laget eig i lagsbruket.

Når lag med lagsbruk er medlemmer både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, skal lagsbruksavgifta delast med halvparten på kvar av desse organisasjonane.

Lagsbruksavgifta skal betalast kvart år innan utgangen av oktober. Lagsstyra sørgjer for at lagsbruksavgifta saman med avskrift av vinnings- og tapskonto blir send til kontoret til Noregs Ungdomslag i rett tid. Når det gjeld lutlag eller partslag kan den plikta leggjast på styret i lutlaget eller partslaget.

Lagsbruksavgifta kan krevjast inn av Noregs Ungdomslag eller den Noregs Ungdomslag gjev fullmakt.

Alle lagsbruk bør vere med i organisasjonen Norske Lagsbruk. Styret i Noregs Ungdomslag rådfører seg med Norske Lagsbruk i lagsbrukssaker.

§ 5 Endringar i styringsføresegnene

Styringsføresegnene kan endrast med vanleg fleirtal på årsmøtet. Framlegg må kunngjerast på same måte som ved lovendringar.

Sak 6 Langtidsprogram 2006 – 2010 og Arbeidsprogram 2007 – 2008

Gunnhild Berge Stang heldt innleiing onsdag.

Desse tok ordet i debatten: Haldor Telle og Torunn Hernes Bjerkem.

Framhald torsdag:

Langtidsprogram 2006-2010

Edgar Wassvik la fram redaksjonsnemnda si innstilling.

Desse tok ordet til forretningsorden: Håvard Tangen og Edgar Wassvik.

Vegard Opheim frå Bergen Ungdomslag Ervingen kom med framlegg om å avvise framlegget frå styret til langtidsprogram.

Desse tok ordet i debatten: Vegard Opheim, Gunnhild Berge Stang og Edgar Wassvik.

Vedtak: Framlegget frå Vegard Opheim, Bergen Ungdomslag Ervingen, om å avvise framlegget frå styret til langtidsprogram fall mot tre røyster.

Håvard Tangen hadde framlegg om ta inn fylgjande som eit nytt punkt i langtidsprogrammet under punkt 1.1. Organisasjon: *NU skal arbeida for norsk folkeleg kultur i ulike former.*

Vedtak: Framlegget frå Håvard Tangen fall mot 10 røyster.

Styret heldt oppe framlegget sitt til tekst under 1.3 Folkedans.

Desse tok ordet: Vidar Lund og Torunn Hernes Bjerkem.

Framlegget frå styret til punkt 1.3. Folkedans vart sett opp mot redaksjonsnemnda si innstilling.

Vedtak:

Framlegget frå styret fall fekk 9 røyster og fall mot og framlegget frå redaksjonsnemnda som vart godkjent.

Det vart røysta over heile langtidsprogrammet.

Vedtak: Langtidsprogrammet vart samrøystes vedteke.

Arbeidsprogrammet 2007 – 2008

Edgar Wassvik la fram innstillinga frå redaksjonsnemnda.

Desse tok ordet:

Vegard Opheim, Åge Avedal, Edgar Wassvik, Anne-Mari S. Meier, Vidar Lund, Haldor Telle og Torunn Hernes Bjerkem.

Redaksjonsnemnda hadde fylgjande endringsframlegg:

Endre ”Stå fram som” til ”vere” i andre kulepunkt: Stå fram som den store lokalsamfunnsentreprenøren gjennom medieutspel, tema på samlingar og kurs, og artiklar i Ungdom/på heimesidene under 2.1. NU skal vere ein viktig kulturpolitisk aktør.

Stryke orda ”eller ikkje” under kulepunktet: Landsråd begge åra – saman med fagseminaret eller ikkje.

Endre orda ”vise at NU er ein” til ”utvikle NU til ein meir” i sjetten kulepunktet: Prosjektet Frilynt tjuve 10 skal gjennomførast i perioden for å vise at NU er ein inkluderande og tolerant organisasjon under punktet 2.2 Barn og unge.

Stryke siste kulepunkt under 2.3 Folkedans: På sikt vil vi arbeide for å skaffe finansiering til å opprette ein fast representasjonsring med ungdom frå heile landet.

Endre siste kulepunkt under 2.5 Bunad frå ”Vi skal fokusere på bunadbruk på alle arenaer/møteplassar i organisasjonen” til ”Vi oppfordrar til bunadbruk på alle arenaer/møteplassar der det er naturleg”.

Vegard Opheim frå Bergen Ungdomslag Ervingen kom med framlegg om å stryke kulepunkt 2 i 2.1. kulturpolitisk aktør og kulepunkt 2 i 2.5 Bunad.

Vedtak:

Framlegg om å stryke kulepunkt 2 i 2.1 kulturpolitisk aktør fall.

Styret heldt oppe framlegget sitt til ordlyd i kulepunkt 2 i 2.1. kulturpolitisk aktør.

Vedtak:

Framlegget frå redaksjonsnemnda fekk 41 røyster mot framlegget frå styret som fekk 33 røyster.

Styret heldt oppe framlegget sitt i siste kulepunkt i 2.3. Folkedans.

Vedtak:

Det vart fleirtal for framlegget frå styret mot innstillinga frå redaksjonsnemnda.

Vegard Opheim frå Bergen Ungdomslag Ervingen kom med framlegg om å stryke kulepunkt 2 i 2.5 Bunad.

Vedtak: Framlegget om å stryke punktet fall.

På alle andre endringsframlegg frå redaksjonsnemnda drog styret attende framlegga sine til fordel for framlegga frå redaksjonsnemnda.

Det vart røysta over heile arbeidsprogrammet:

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Sak 7 Budsjett 2007 – 2008

Innleiing ved Vidar Lund.

Desse tok ordet i debatten: Haldor Telle, Vidar Lund, Vegard Opheim, Gunnhild Berge Stang, Anne-Mari S. Meier og Torunn Hernes Bjerkem.

Vedtak: Budsjettet for 2007 – 2008 vart samrøystes vedteke.

Sak 8 Fråsegner

Fylgjande fråsegner vart melde på årsmøtet dag 1:

Hallvard Ellingsberg melde om fylgjande fråsegner frå styret:

Til stortinget om vaksenopplæring

Til Bjarne Håkon Hansen om integrering

Om Ødegårdutvalet sin rapport – staten sin støttepolitikk for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Styret ber årsmøtet om fullmakt til å jobbe vidare med denne.

Vidar Lund melde frå om ei fråsegn om regionalisering og nynorsk.

Torsdag:

Sigbjørn Hjelmbrække la fram innstillinga frå redaksjonsnemnda for fråsegner.

Det var kome inn fire fråsegner:

Fråsegn 1. Støtta til studieforbunda - Vaksenopplæring

Fråsegn 2. Om strategi for integrering i distriktsnoreg

Fråsegn 3. Staten sin støttepolitikk for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar

Fråsegn 4. Regionalisering – eit trugsmål for nynorsken

Alle fråsegnene vart lesne opp av Sigbjørn Hjelmbrække.

Fråsegn 1: Støtta til studieforbunda - Vaksenopplæring

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart vedteken.

Innlegg: Gunnhild Berge Stang.

Styret kom ved Gunnhild Berge Stang med framlegg om at siste setninga i fråsegna får eit tillegg og held fram slik ”drive pedagogisk utviklingsarbeid og syte for at dei tilsette får opplæring”.

Vedtak: Fråsegna vart vedteken med tilleggsframlegget frå styret.

Fråsegn 2: Om strategi for integrering i distriktsnoreg

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart vedteken.

Innlegg: Gunnhild Berge Stang.

Vedtak: Fråsegna vart sendt til styret for vidare arbeid.

Fråsegn 3: Staten sin støttepolitikk for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart vedteken.

Vedtak: Fråsegna vart godkjend.

Fråsegn 4: Regionalisering – eit trugsmål for nynorsken

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart vedteken.

Desse tok ordet under handsaminga av fråsegna: Oddvar Skre, Vidar Lund, Sigbjørn Hjelmbrække og Tina Vilenica.

Oddvar Skre gjorde framlegg om å byte ordet favorisering med styrking. Styret heldt oppe sitt framlegg. Oddvar Skre drog attende framlegget sitt. Tina Vilenica heldt oppe framlegget frå Oddvar Skre.

Vedtak: Framlegget frå Tina Vilenica fall. Fråsegna vart vedteken utan endringar.

Sak 9 Val

Leiar for valnemnda, Johan Einar Bjerkem, presenterte innstillinga frå valnemnda.

Innstilling frå valnemnda til årsmøte 2006:

Styret

Arbeidsutvalet (i styret)

Leiar	Hordaland Ungdomslag	Gunnhild Berge Stang	Attval	1 år
Styremedlem (AU)	Gudbrandsdal Ungdomslag	Hallvard Ellingsberg	Ny	2 år
Styremedlem (AU)	Vest-Agder Ungdomslag	Olav Molland	Ny suppleringsval	1 år
1. vara	Finnmark Ungdomslag	Vidar Lund	Ny	1 år
2. vara	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Gunnhild Østerås	Ny	1 år
3. vara	Vest-Agder Ungdomslag	Jo Leif Strønen	Att val	1 år
Folkedansrådet				
Leiar (og styremedlem)	Bygdelagssamskipnaden	Marianne Dahl	Attval	2 år
Rådsmedlem	Rogaland Ungdomslag	Gunn Inger Sture	Attval	2 år

Rådsmedlem	Beinveges innmeld (laga i Vestfold)	Anne Mona Sjølyst	Ikkje på val	1 år att
1. vara	Gudbrandsdal Ungdomslag	Vegar Vårdal	Attval	1 år
2. vara	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Lill Hege Pedersen	Attval	1 år
Teaterrådet				
Leiar (og styremedlem)	Sogn og Fjordane Ungdomslag	Tina Vilenica	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Atle Falk	Ny	2 år
Rådsmedlem	Inntrøndelag Ungdomssamlag	Astrid Skogseth Fuglesang	Ikkje på val	1 år att
1. vara	Inntrøndelag Ungdomssamlag	Lars Bendik Austmo	Ny	1 år
2. vara	Sunnm. Frilynde Ungdomssamlag	Anne Marta Vindsrygg Vadstein	Ny	1 år
Barne- og ungdomsrådet				
Leiar (og styremedlem)	Inntrøndelag Ungdomslag	Camilla Bilstad	Ny	2 år
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Aslak Strønen	Ny	2 år
Rådsmedlem	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Jørgen Riiber	Ny suppleringsval	1 år
1. vara	Troms Ungdomsfylking	Birgitte Rørvik Bruun	Ny	1 år
2. vara	Nordland Ungdomsfylking	Johanne Jeremiassen	Ny	1 år
Bunadrådet				
Leiar (og styremedlem)	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Hill-Aina Steffenach	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Hallingdal Ungdomslag	Ellen Runderheim	Attval	2 år
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Monica Lind Emmerud	Ikkje på val	1 år att
1. vara	Østerdal Ungdomslag	Randi Elisabeth Gullikstad	Attval	1 år
2. vara	Hordaland Ungdomslag	Grete Kolbeinsvik	Ny	1 år
Valnemnda (innstilt av Landsrådet)				
Leiar	Nordland Ungdomsfylking	Mona Therese Mikalsen	Ny	1 år
Medlem	Troms Ungdomsfylking	Edgar Wassvik	Attval	2 år
Medlem	Nordmøre Ungdomslag	Harald Ormbostad	Attval	2 år
Medlem	Gudbrandsdal Ungdomslag	Kristian Fjellanger	Ikkje på val	1 år att
Medlem	Aust-Agder Ungdomslag	Bente Fidje	Ikkje på val	1 år att
1. vara	Aust-Agder Ungdomslag	Leif Christian Flørenæs	Ny	1 år
2. vara	Hordaland Ungdomslag	Åge Avedal	Ny	1 år
3. vara	Romsdal Ungdomssamlag	Aud Solveig P. Malmdal	Ny	1 år

Vedtak: Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Protokollunderskrifter

Stad og dato:

Vegard Opheim

Stad og dato:

Arve Jarle Hornnes